



## Veve 21: Rotarmøte 24.05.2023

President *Anne Wiik Stamsø* ønskte oss velkomne med diktet «Fred» av Hans Børli (1918–1989). Vi hadde to gjester: foredragshaldaren og Jan, mannen til Edrund Olaisen.

Det var fire *Tigris*-innlegg:

*Kjersti Hamborg Martinsen* takka for «boblene» ho fekk av klubben då ho fylte 70 år 18. mai.

*Berit Midtgård* fortalte nytt om utvekslingsstudenten. Alt var i orden no, etter nokre problem med søkeradspapira.

*Sissel Berit Hoell* oppmoda oss til å støtte Ukraina-hjelpa – sjå ruta. Éin mobil klinikk kostar kr. 400 000.

*Rolf Theil* fortalte om ei ny bok, *The Oxford Handbook of Ethiopian Languages* – ei bok på over 1 400 sider, der han har skrive 80. Boka er resultatet av eit meir enn 10 år langt prosjekt. Etiopia har 118 mill. innbyggjarar og 92 språk.

**Foredraget** denne kvelden var ved **Maryna Bovt**, ein 35 år gammal ukrainsk flyktning som bur på Stathelle. Ho opna med ein vakker ukrainsk folkesong. Ho er frå Kharkiv i det austlege Ukraina (sjå kartet) og kom til Noreg som flyktning tidleg i mai 2022.

Maryna er master i kunstvitskap og lektor i musikk/folkesong. I Ukraina underviste ho på ein kulturskole.

Da ho kom til Bamble i juni 2022, begynte ho som servitør på Wrightgaarden. No har ho arbeidspraksis ved Bamble kulturskole, og har nyleg gjesta Rauland-avdelinga av Universitetet i Sør-aust-Noreg. Musikk og kultur står sentralt i livet hennar. Referenten har sjølv opplevd at ho er eit verdifullt tilskot til *Kor Koselig*.

Maryna viste oss mange vakre og fargerike bilde frå ulike delar av Ukraina, det nest største landet i Europa, og fortalte om administrativ inndeling og skilnader i klima og natur.

Lengst i vest finn vi høge fjell, men det meste av landet er eit slettelandskap. Maryna er ei språkmekting dame, som snakkar ukrainsk, russisk, engelsk, tysk og norsk. Ho forstår polsk.

President Anna takka Maryna for det interessante foredraget og gav henne ein flott blomsterbukett.



Langesund, 26. mai 2023, Rolf Theil.

### Fred

Å være en nøkkeblomme  
i stille tjenn i skogen,  
det måtte være noe – –

– – ligge blikkstille i bekkeoset  
ei natt i juli,  
ligge med det reine liljeansiktet  
tålmodig vendt mot stjernene,  
søstrene på himmelsjøen,  
bare være,  
bare la den store gåta  
være sitt eget svar.

### Ukraina-hjelpa

Vipps: 804309

Kontonummer: 1506.62.71282

Heimeside: hjelptilukraina.com

